

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2019	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	05.06.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Andreas Granli	19/534	19/7999

Søknad om støtte frå kommunalt viltfond til hjortegjerde rundt juletrefelt

Saksopplysingar:

Bakgrunn

André Michelsen er eigar av gbnr 14/2 der det vert dyrka juletre for sal. Den relativt store hjortebestanden i kommunen beitar hardt på plantane. I 2008 løyvde næringsfondet i Radøy kommune 35 000 kr til innkjøp av gjerdemateriell på Skaråsmyra. Søknaden til viltfondet er om støtte til arbeid med rydding og oppsetting av gjerde. Total kostnad er sett til 1.633.750 kr og det er søkt om 200.000 kr frå viltfondet.

Vurdering

Hjortebestanden på Radøy har auka dei siste åra. Hausten 2018 vart det felt 235 dyr i kommunen. Ein markant oppgang frå året før og eit resultat av auke i fellingsløyve. Hjorten flokkar gjerne frå hausten og utover vinteren. Dyra trekker ut til område der det er godt med mat og mindre snø, oftast er det då snakk om dei mest aktive landbruksområda i kommunen. Konfliktane vert store når hjorten forsyner seg av føret bonden har liggande til dyra sine.

Landbrukskontoret får ofte melding om skadar på rundballar gjennom vinteren. Slike skadar kan føre til store tap for den enkelte bonde. Sjølv om gjerde er eit kostbart tiltak, er det og det tiltaket som gjev best effekt.

Viltfond

Kommunalt viltfond er regulert av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Viltfondet får inn midlar gjennom fellingsavgifta på hjort, valda i kommunen betalar 300 kr for vaksne dyr og 180 kr for kalv. I 2018 felte jegerane 235 dyr i Radøy kommune, inntekta til viltfondet var om lag 65 000 kr.

Det står om lag 255 000 kr på viltfondet. Forskrifta og lokale retningslinjer regulerer bruken av viltfondet til tiltak som fremjar viltforvaltning, kunnskap om viltet, utgifter til handtering av skadd vilt og fallvilt, og til å førebyggja skader på landbruksnæringa forårsaka av vilt. Lokale retningslinjer ligg ved.

Radøy kommune har tidlegare støtta m.a. aktivitetar knytt til opplæring og auka kunnskap hjå lokale jegerar (kurs, samlingar, jegerprøve) og har løyvd midlar til tiltak og arrangement i tilknyting til utdanning av godkjende ettersøkshundar med viltfondsmidlar. Det er og løyvd midlar til tiltak som

gjerde.

Retningslinjene for viltfondet i Radøy set renteavkastning og årlege inntekter som ramme for tilskot frå fondet. Årets ramme er om lag 70 000 kr, midlane skal dekke fallvitarbeid og to søkerndsomgangar.

Konklusjon

Det omsøkte tiltaket kan støttast av viltfondsmidlar og er eit godt og konfliktdempande tiltak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd 30 000 kr til inngjerding av juletrefelt på Skaråsmyra. Gjerdet skal vere ein permanent installasjon.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 038/2019

PLT - handsaming:

Møteleiar Leif Taule (Sp) gjorde framlegg om utsetjing av saka. Dette for å få fram informasjon om tidlegare gjevne tilskot til inngjerding som er tildelt ulike søkjarar, slik at utvalet får eit betre grunnlag for å vurdera eit eventuelt tilskot til inngjerding kring juletreplantasjen. Taule peikar på at eit tilskot på kr 30 000 til dette føremålet synest veldig lite sett i forhold til kostnadene med tiltaket.

Hovudutvalet vedtok Taule sitt utsetjingsframlegg.

PLT - vedtak:

Saka vert utsett.

Vedlegg:

retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune (L)(45900)

Scan0094